

NR. 6

SEPTEMBER 1983

16. ÅRG.

For Guds andlet

Luk. 18.10.

To menn gjekk opp i templet og ville be. Den eine var farisear og den andre tollar. Farisearen la vinn på å leva etter lova. Han gav til dei fattige tiende av det han åtte. Han var vel det vi ville kalla ein idealist. Ofte ser vi Jesus kritisere farisearane. Kvifor? Jesus sjølv lærer oss at vi skal gi og at vi skal halda oss frå det som kan skada nesten vår. Her i denne teksten viser Jesus oss kvifor han dømmer farisearane så hardt. Dei sette seg sjølv så høgt på grunn av gjerinngane sine at dei såg ned på alle andre. «Den som set seg sjølv høgt skal setjast lågt og den som set seg sjølv lågt skal setjast høgt».

Luk. 14.11.

Tollaren stod langt nede. Han våga ikkje eingong lyfta hovudet. Det var ikkje farisearen han bøygde det for, men for Gud. Innfor den allmektige vert menneske, med alt som bur i det, lite. Tollaren

Framhald s. 2

Skulestart – også for søndags skulen



Søndagsskulen vil vera ei hjelp til heimen med den forpliktinga ein som foreldre og fadrar tek på seg når eit barn vert døypt.

Difor skulle det også vera naturleg at borna finn vegen dit. På side 5 i dette bladet vil du finna eit oversyn over søndagsskulane i Arna.

Denne hausten vert det over heile landet ein aksjon for å få fleire born til søndagsskulane.

S.5

**KYRKJELYDSBLADET – NO MED
EIGA OMBERING Sjå side 2**

Frå s.1.

hadde fått sett seg sjølv i høve til Gud. Farisearen såg berre seg sjølv i høve til andre menneske.

Slik som farisearen kan vi alle stengja for Gud. Og slik som tollaren kan vi alle finna Gud og den frelsa han har gjeve oss i Jesus Kristus.

Så kan vi sjølv velja korleis vi vil stilla oss inn for Guds andlet.

Ombering av Kyrkjelydsbladet

Med dette nummeret av kyrkjelydsbladet tek vi til med ein ny måte å senda ut blada på. Før har dei gått til alle husstandar gjennom Postverket. No skal det framleis gå til alle husstandar, men bladet har egne bladberarar.

Vi vil gjerne at alle framleis skal få bladet. Veit du om nokon som ikkje har fått det denne gongen, ver då snill og ring eit av kyrkjekontora: Arna tlf. 24 04 00 eller Ytre Arna tlf. 24 23 03 så vert det retta opp til neste gong. Vi vil også leggja ut blad i kyrkjene slik at ein kan få det der. For dei som bur utanfor Arna vert det inga endring — dei får det framleis i posten.

ETTÅRING I YTRE ARNA

Oddvar Ulltang frå Øystese skal arbeida i kyrkjelyden i eit skuleår. Han tek til 1.9 og me vil koma med ein nærare presentasjon av han i neste nummer.

Kurs

Frå Bispedømerådet har vi fått melding om desse kursa som er opne for dei som er interessert:

A) Kurs i familievern

For normale ektepar med normale problem.

Kurset går over 4 måndagskveldar i oktober og november og er kome i gang som eit samarbeid mellom Bispedømerådet og Kirkens Familierådgivning i Biskopshavn. Kurset vert i Biskopshavn og nærare opplysningar og påmelding hjå:

Diakonikonsulent
Bjørgevinn Bispedømeråd,
Kalvedalsv. 45 A, Bergen
Tlf. 31 27 24.

B) Menighetsskolen i Bergen

Der vert det undervist i bibelkunnskap, truslære, sjelesorg og i menighetsarbeid.

Kurset går over 12 onsdagskveldar frå 21.9.

Nærare opplysningar og påmelding til
Jussi Pihl,
Nøstegt. 42, Bergen
Tlf. 32 12 16.

KONFIRMANTAR

Det har i år meldt seg 230 til konfirmanttida. 178 av desse høyrer til Arna kyrkjelyd og 52 til Ytre Arna.

FAT MED MOTIV AV ARNA KYRKJE

I Kyrkjelydsbladet har vi skrivne om dette før, og mange har venta på at det skulle verta levert.

Av ymse grunnar har dette vorte mykje forseinka, men soknerådet har no fått eit prøveeksemplar tilsendt og tinga 500 stk.

Leveringstida på fabrikkjen gjer at det enno tek ei stund før det kjem.

Kyrkjelydsbladet vil koma attende til det når vi har fått det levert. Utsalsprisen vert rundt kr. 100 og overskotet vil gå til Kyrkjelydshuset som skal byggjast.



Ytre Arna kyrkjekor og Ytre Arna Barne- og ungdomskor

ØVINGS DAG: TYSDAG
Barnekoret kl. 16.30 (frå 3.-6. klasse).
Ungdomskoret kl. 17.30 (frå 7. klasse og oppover)
Kyrkjekoret kl. 19.00
Nye medlemmer er velkomne!

50-års konfirmantane i Ytre Arna

Samlinga av dei som vart konfirmerte for 50 år sidan i Ytre Arna var så vellukka i fjor at vi vil gjera det same dette året.

No vil vi også innby dei som den gongen budde på Haugland/Kvamme. Dei vart rett nok konfirmerte i Arna kyrkje, men soknegrensene er endra sidan den gongen, og alle «gjekk for presten» i Indre Arna.

50-års konfirmantane er innbedne til gudstenesta i Ytre Arna kyrkje 9. oktober. Etter gudstenesta samlast dei til ein enkel middag i Kyrkjelydshuset der ein også kan utvikla gamle minne.

GUDSTENESTE FOR ELDRE

Vi inviterer dei eldre i kyrkjelydane til gudsteneste i Arna kyrkje

søndag 25. september kl. 11.00

Det vil bli sytt for skyss til og frå kyrkja. Dei eldre som treng skyss kan ringe til kyrkjekontort tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Velkomen!

Diakoniutvalet i Arna

BARNESIDE



Søndagsskule — kva er det?

Ei enkel kristen samling om søndagen, der borna får:

- syngja kristne songar
- læra å be
- høyra enkel undervisning og forkynning ut frå Bibelen
- snakka om det dei høyrer
- vera i lag med andre i eit kristent miljø.

BARNET DITT ER VELKOMEN TIL SØNDAGSSKULEN!

Søndagsskulen — for ditt barn

Vi vil gjerne gje borna eit godt grunnlag for livet. Mange ber borna sine til dåpen og ynskjer at dei skal få opplæring i den kristne trua.


Det er foreldra og fadrane, i lag med den kristne kyrkjelyden, som

har ansvar for at borna får slik opplæring.

Søndagsskulen vil vera heimen og kyrkja sin medhjelpar i arbeidet for å gje borna eit kristent grunnlag for livet.

Kven er Søndagsskulen for?


Løys rebusen og finn svaret!



4

Kva er det som finst meir enn 3.400 stader i Noreg?


Løys kryssordet nedanfor og les til høgre for pila.



1. Ikkje nord

2. Før måndag

3. Ikkje natt



Søndagsskular i Arna

Søndagsskulen tek no til att etter ferien. I Arna er det søndagsskule desse stadene:

YTRE ARNA	Bedehuset kl. 10.30
HAUGLAND	Bedehuset kl. 11.00
INDRE ARNA	Bedehuset kl. 10.00
ARNA KYRKJE	Borgstova kl. 11.00
ÅDNAMARKA	Stølsvegen 94 kl. 10.30
LIATUN	Stølsvegen 98 kl. 9.45 og 10.30
HAUGE	«Betania» Lone kl. 10.45
HAUKELAND	Grendahuset kl. 10.30
UNNELAND	Bedehuset kl. 11.00
FJELLGARDANE	Bjørndalen g. skule kl. 10.30
SEIMSMARK	Garnes barneskule kl. 10.00
TUNES	Bedehuset kl. 11.00
TAKVAM	Kapellet kl. 12.15
ROMSLO	Skulehuset kl. 10.30
TRENGEREID	Bedehuset kl. 11.00

Dei fleste stadene er det søndagsskule kvar søndag, men ein skilde stader er det annakvar.

VELKOMMEN MED BARNET TIL SØNDAGSSKULEN!

5

Tenåringen har problemer, men står også foran fantastiske muligheter



– Den løftede pekefingeren må bare være en del av den omsorgsfulle hånden vi rekker mot våre tenåringer.

– Fortell gjerne om hvordan dere selv opplevde presset i ungdomsalderen og om hva som gikk galt for dere.

– Ten-årene er ikke bare problemfylte, men gir også fantastiske muligheter for personlig utvikling.

– La oss være ærlige og åpne overfor tenåringene våre, sier Kirsten Fougner.

Mange foreldre sukker over sine vanskelige tenåringer og undres på hvordan de skal makte å være oppdragere. Rådene ovenfor er gitt av lektor Kirsten Fougner som selv er mor til fire voksne barn og underviser i etikk i ungdomsskolen. Nylig ble hun også redaktør for bladet Vi Foreldre som utgis av Institutt for Kristen Oppseding.

– Kirsten Fougner, må tenåringer være vanskelige?

– Det er vel naturlig at unge mennesker vil frigjøre seg, og da sier det seg selv at det fort blir konflikter. Men jeg tror vi foreldre har lett for å fokusere for mye på problemene. Ten-årene gir også fantastisk mange muligheter for personlig utvikling hos de unge. Får vi først øye på dette, blir også samværet med tenåringene noe enklere.

– Mange tenåringer ser på foreldrene som håpløst gammel-dage og helt ubrukbare til å gi råd.

– Selv om mye er forandret fra den tiden vi var unge, mener jeg at selve modningsprosessen ved å bli voksen er den samme. Også vi for-

eldre var fristet på det seksuelle området og hadde lyst til å svare stygt, for eksempel. La oss være ærlige og åpne for tenåringene våre og fortelle dem hvordan vi opplevde ungdomsalderen på godt og ondt, også om det som gikk galt. Dette gir dem bedre forståelse for de grensene foreldre setter for barna sine.


– Er det bare foreldrene som skal sette grenser?

– Nei, grensene må vi så langt som råd er snakke om og prøve å sette sammen. Men foreldre sitter inne med erfaringer som de unge ikke har, og i en del tilfelle kan det være direkte galt om de ikke bruker disse erfaringene. Dette må likevel gjøres med visdom. Prøv å trekke inn autoriteter som tenåringene beundrer, f.eks. en ungdomsleder eller eldre søsken. Det kan også være lurt at flere foreldrepar blir enige om hvilke grenser de vil sette, så det kan bli litt likhet.

Men den løftende pekefingeren må bare være en del av den omsorgsfulle hånden som foreldre

Framh. s. 9

Kvifor vedkjennings-skrift?



Kvifor skal vi ha vedkjennings-skrift når vi har Bibelen? Mange reagerer sterkt når det vert snakk om vedkjenninga til vår kyrkje, og på ein måte kan ein skjøna ein slik tanke-gang. Bibelen åleine er Guds ord. Vedkjennings-skrifta er berre avleia av Bibelen, men dei skal til gjengjeld ha i oppgåve å fortelja oss korleis Skriften er oppfatta og skjøna.

Når vi les Bibelen, vil vi oppdaga nokre vers som er forma som trusvedkjenningar. 5. Mos. 6.4 er jødane si trusvedkjenning: «Høyr Israel, Herren er vår Gud, Herren er ein».

I Det nye testamentet er det ein annan formel som stadig kjem att, nemleg den greske «Jesus Kyrios» som tydar «Jesus er Herre». Dette er Kyrkja si første og enklaste trusvedkjenning. Denne vedkjenninga skilte dei kristne frå jødane og tilhengarar av andre religionar og slo fast at kristendom er Kristusvedkjenning. Vi finn denne trusformelen bl.a. i Fil. 2.11, Rom. 10.9 og 1. Kor. 12.3 b. I Ap.gj. 2.36 ser vi korleis denne trusvedkjenninga forma forkyninga til apostlane.

Etterkvart som Kyrkja vaks, fekk ho trong etter å laga større trusvedkjenningar av to grunnar. I dåpsopplæringa måtte dei nye kristne få eit samandrag av kva kristendom var for noko, og når vranglærarar dukka opp, måtte Kyrkja klart sei frå om kva dei trudefte på. Frå oldkyrkja har vi tre trusvedkjenningar. Den apostoliske vedkjenninga eller **Apostolicum** er mest kjend og vert sagt fram i norske kyrkjer kvar søndag. Denne vedkjenninga er grunna på den gamle dåpsvedkjenninga i Rom og er frå ca. år 150 e.Kr. **Athanasianum** og **Nicenum** er laga noko seinare i oldkyrkja avdi vranglærarar sådde tvil om Jesu person, at han var på same tid Gud og menneske.

På 1500-tallet var eit anna kristent spørsmål i sentrum: Korleis vert eit menneskje frelst? Martin Luther fann attende til evangeliet i Bibelen om forlating for syndane for Jesus skuld åleine. Denne bibelske trua måtte han forklåra for den romersk-katolske kyrkja, og slik vart den augsburgske vedkjenninga eller **Augustana** til. For opplæring av dei kristne laga Luther sin **Lille Katekisme**.

Dei fem vedkjenningane som er nevnt her, er Den norske kyrkja sine vedkjennings-skrift. Kyrkja forpliktar prestane og biskopane sine på vedkjenninga. Dersom ein prest finn at han ikkje kan forkynda slik vedkjenninga seier, kan han ikkje krevja plass for eit slikt avvikande syn i kyrkja vår. Men dersom nokon ut frå Skriften kan visa at kyrkja skjønar Bibelen gale, må kyrkja vere viljug til å endre vedkjenninga si.

Familieside

DØYPTE:

Arna sokn:

- 29/5: Even Herfindal
12/6: Åsmund Rohde, døpt i
Trenge Reid kapell.
12/6: Andreas Havre, Anders
Algerøy, Helene Haga og
Renathe Tveitevåg.
26/6: Espen Lomheim Møgster,
Trond Bruknapp, Cecilie
Løberg, Silje Kolltveit.
10/7: Bjørn Kenneth Olsen.
17/7: Espen Romslo, Kari
Dalland.
23/7: Anita Midtun, døpt i
Birkeland kirke.
7/8: Renate Skjoldal Reknes,
Cecilie Skartveit og
Anette Nesset.

Ytre Arna sokn:

- 29/5: Thomas Brunborg.
5/6: Kristoffer Nordhagen Øv-
rehus, Roger Evensen.
12/6: Stian Thunes, døpt i Ør-
land kirke, Randi Aasheim.
19/6: Yvonne Vågenes Loftås.
3/7: Hege Kvam.
7/8: Cecilie Færevåg.

VIGDE:

Arna sokn:

- 21/5: Arne Olaf Fadnes Han-
sen og Bjørg Olsen.
28/5: Kurt Bjørnar Vik og
Rigmor Mostrøm.
28/5: Arne Veidung og Rita
Heimtun. Vigde i Store-
tveit kirke.
25/6: Geir Hirth og Monica
Hansen.
25/6: Inge Agnar Hansen og
Gunn Karin Sagosen.
25/6: Helge Mjølkeråen og

- Linda Hoff.
2/7: Geir Knutsen og Nina
Solberg.
2/7: Magnar Aga og Randi Elisa-
beth Hope.
16/7: Anders Lunde og Sissel
Espeland.
23/7: Lars Inge Skjerping Tei-
gen og Gro Karin Romslo.

Ytre Arna sokn:

- 18/6: Kjetil Rolland og
Sigrunn Villanger.
25/6: John Andrew Sydnes og
Christine Clotilde Marie
Valepyn, vigde i Strand-
lykkja kapell.
6/8: Kurt Inge Leibricht
Langeland og Vigdis
Haugland.

DØDE:

Arna sokn:

- 13/5: Johannes Lerås, f. 1920.
22/5: Borghild Nesse, f. 1912.
4/6: Marta Tunes, f. 1902.
10/6: Bertha Maria Bergseth
f. 1884.
23/6: Oluf Brusdal, f. 1910.
27/6: Margit Ferdine Takvam
F. 1902.
7/7: Anna Rønhovde, f. 1911.
15/7: Lars Thunestveit, f. 1898.
22/7: Ingeborg Waldersnes, f.
1899.
27/7: Nils O. Takvam, f. 1905.
30/7: Gudrun Herfindal, f. 1906.
1/8: Mathias Blom, f. 1935.

Ytre Arna sokn:

- 19/5: 19/5: Einar Brudvik, f. 1906.
24/5: Thomas Havre, f. 1907.
14/6: Ola Gaupås, f. 1961.
13/7: Bergljot Kalsaas, f. 1910.
21/7: Bertha Fotland, f. 1905.

Presten
har
ordet

ØYVIND ØY



Gudsteneste for eldre

Søndag 25.9.83 inviterer vi spesielt eldre i Arna til gudsteneste i Arna kyrkje. Vi tenkjer særleg på dei som ikkje kan kome til kyrkje ved eiga hjelp. Det er diakonutvalet i kyrkjelydane som står bak dette tiltaket. Dei vil sørge for at alle som ynskjer å kome til kyrkje den dagen, får skyss.

Rundt i kring i heimane og på Helseheimen er det mange som brukar rullestol eller som er så dårlege til beins at dei ikkje kan kome til kyrkje til vanleg. Søndagane lyttar dei til gudsteneste i radio og stundom i fjernsynet. Det er like vel mykje meir meningsfylt å kunne samlast med andre i kyrkja enn å sitte aleine på eit rom å lytte på radio eller å sjå fjernsyn.

Mange savnar gudstenesta og det fellesskapet det gjer å kunne

vere saman i kyrkja.

Vi veit av røynsle at dei dette gjeld, treng ekstra tilskunding for å ta ut, men vi trur det er mange som vil ha stor glede av det. Vi vonar difor at de som har eldre buande heime kan oppmuntre dei til å ta ut denne dagen. Ein del bor aleine og vi oppmodar familie eller naboar å invitere dei med til kyrkje. Dei som får vitjing av diakonutvalet si vitjingsteneste får spesiell invitasjon gjennom vitjings-tenesta.

Dei som har bruk for skyss, kan vende seg til kyrkjekontoret telf. 24 04 00/24 02 15.

Vi ser med glede fram til denne søndagen og vonar at vi får ei fin gudsteneste som kan vere til glede og inspirasjon både for unge og eldre.

Frå s.6.

rekker mot tenåringene sine. Denne hånden må bl.a. inneholde åpne hjem og f.eks. foreldre som tåler høy desibel og er villige til å span-dere mye kjøtt på pizzaen. Menigheter og kristne hjem har en veldig oppgave i å skape reelle alternativer til fristelser i lokal-miljøet.

— Kristne foreldre ønsker gjerne at tenåringene skal få deres tro. Hva så når de velger noe annet?

— Bare Guds nåde bevarer et

menneske i troen. Ingen ten-åring er blir kristne fordi foreldrene har gjort oppdragelsen riktig. Går barna bort, skal foreldrene vite at de har med seg inntrykk fra et hjem der bønner var en realitet og Guds ord ble tatt alvorlig. Slike inntrykk sitter. Det vet vi fra kristen erfaring, og nå har forskning bekreftet det samme. Selve oppdrageransvaret overtar Gud etter hvert som barna blir voksne, men bønneoppgaven vil foreldre alltid ha for sine barn. Og over bønner hviler Guds løfter, sier Kirsten Fougner.

Møte

ARNA BEDEHUS

8/9: Pensjonistsamvær kl. 17.00.
Bergfrid Fjose og Olav Hesjedal.
10/9: Samlingsfest kl. 19.00.
18/9: Ungdomsmøte.
25/9: Møte. Talar frå NLA, kl. 19.00.

BETANIA, LONE

3/9: Samlingsfest. Tale v/Arnfinn Norheim kl. 19.30.
22/9, 29/9, 6/10: Bibeltimar v/Ole

Øystese.

Emne: Dåpen, Rettferdigjeringa og Helginga.

HAUGLAND BEDEHUS

25/9: Møte. Talar frå NLA, kl. 19.30.

YTRE ARNA BEDEHUS

4/9: Venefest.
6.-11/9: Møteveke. Santalmisjonen.
20.-25/9: Møteveke. Indremisjonen.

Ofringane i kyrkjelydane

ARNA:

22/5: Nordhl. Indrem.	1522,-
23/2: Kyrkjel.huset	1180,-
29/5: Barneverninst.	
Dr. Mauds Minne	1078,-
5/6: Kyrkjel.arb.	1087,-
12/6: Kristenartianerne	1553,-
19/6: Samemisjonen	897,-
27/6: Sygna Vid. skule	1407,-
3/7: Kyrkjel.arb.	653,-
10/7: Norsk Kr. muslimmisj.	853,-
17/7: Døvearbeidet	932,-

24/7: Diakoniutvalet	554,-
31/7: Kristent arb. blant blinde	1203,-
7/8: Kyrkjelydsarb.	1108,-
14/8: Blå kors	1164,-
YTRE ARNA:	
22/5: Nordhl. Indrem.	1166,-
6/6: Kyrkjelydsarb.	1084,-
12/6: Kristenartianarane	851,-
3/7: Menighetsseminara	370,-
24/7: Kristent arb. blant blinde	438,-
7/8: Bildøy Bibelsk.	1045,-
14/8: Kristenfolkets Edruskapsråd	606,-

Alle tror

Det finnes ikke det menneske som ikke i det hele tatt tror på noe. Selv om de sier at de ikke tror på noe som helst, kan du bare se nøye etter hvordan de lever og hva de lever for. Lever de for penger? makt? nytelse? popularitet? Du finner også mange mennesker som sier at de er kristne, musli-

mer eller buddhister. Men deres egentlige religion er materialisme, kapitalisme eller hedonismen (lykkereligion).

Kampen i Vesten er ikke en kamp mellom tro og ikke-tro. Kampen er en kamp mellom Sannheten og usannheten. Det er mange falske religioner i verden. Den viktigste dyrker Mammon.

Den indiske dikter og kritikeren Prabhu S. Gupta.

Arna Kyrkjelyd hausten 1983 Oversikt over ein del av arrangementa

SEPTEMBER:

Søndag 11.9. Kl. 19.30 Kyrkjelydstreff (I.Arna bedehus)
16.-18.9. Inspirasjonshelg på Mjølfjell for ungdomsleiarar.

Laurdag 24.9. Inspirasjonsdag for medarbeidarar i kyrkjelydsarbeidet.

Søndag 25.9. Gudsteneste med spesiell invitasjon til eldre (Arna).

OKTOBER:

Søndag 2.10. Kl. 11.00 Søndagsskulens dag.

Kl. 17.00 Misjonsfest i Arna bedehus (NMS).

Søndag 9.10. Kl. 19.30 Kyrkjelydstreff.

Søndag 16.10. Kyrkjekonsert.

Søndag 23.10. Familiemøte Indre Arna bedehus.

Søndag 30.10. Haustfest i kyrkjelyden.

NOVEMBER:

4.-6.11. Konfirmanthelg på Kvamshaug.

Søndag 6.11. Kl. 16.30. Takvammstemna.

Kl. 19.30. Kyrkjelydstreff.

12.-13.11. Lutherhelg i samband med 500-årsjubiléet for Luthers fødsel. Seminar laurdag. Konsert søndag.

Laurdag 12.11. Ungdomstreff Indre Arna bedehus.

Søndag 13.11. Filmkveld i «Ådnahall» (arr.: Skulelaget Onesimus).

Laurdag 19.11. Felles ungdomskveld (I.Arna bedehus).

Kirkens SOS - en åpen linje for kontakt

Kirkens SOS har vært i virksomhet i Bergen fra 1979. Hver kveld og natt — også i helger og høytider — fra kl. 19.00 til 07.00 er telefonen betjent av frivillige medarbeidere, om natten er også en diakon eller prest tilstede.

Det er mennesker i alle aldre som benytter seg av denne telefon-tjenesten, og det er ulike problemer som taes opp. Felles for dem er behovet for noen å snakke med. Her kan de være anonyme, de er trygge på at det som sies ikke blir bragt videre, og de møter et menneske med tid til å lytte.

Nye medarbeidere - en utfordring

Medarbeiderne må være fylt 22 år, personlig kristne og medlem av Den norske kirke eller Den evangelisk-lutherske frikirke. De gjennomgår et kurs over 10 kvelder før de tar fatt på sine telefonvakter. Medarbeiderne deltar i gruppemøter en gang i måneden.

Vi trenger flere medarbeidere. Nytt innføringskurs tar til i slutten av september. Dersom du føler at dette er noe for deg, så ring kontoret, tlf. 23 30 80 mellom kl. 11.00 og 14.00.

Inntrykk frå sommarstemne

Sommaren er ei tid då mange samlast til kristne stemne. Vi vil her koma med nokre inntrykk frå 2 av dei: Lyngdal Bibelcamp og Oase. Begge stader var det ein del deltakarar frå Arna, og vi let 2 av dei fortelje litt om korleis det var.

Lyngdal Bibelcamp

Om sommaren er det ikkje så få frå Arna som legg vegen til Lyngdal Bibelcamp i ferien. Det er ved Lyngdal Jordbruksskule at Vestlanske Indremisjonsforbund driv bibelcamp. Lyngdal er ein fin stad å feriera, og ved bibelcampen er det også eit godt tilbod med aktivitetar og møte.

Ungdomsmusikken frå Betania på Lone var der ei veke og song på møta. Frå «Sambåndet» har vi teke med litt av eit intervju med Marit Hauge frå Hauge i Arna som no i fleire år har vore med i leiarteamet i Lyngdal.

— Eg veit ikkje kor mange gonger eg har vore her. Eg har vore her sidan eg var liten, seier Marit, som no er 21.

— *Korleis opplever du å vera med i leiarteamet?*

— Det er kjekt, kjem det kontant. — Det er rikt å få bruka sommaren på ein slik måte, men det er også stritt. Det er lærerikt og utfordrande. Eg trur eg har vorte meir moden gjennom dette.

— *Kva har du å seia om barnearbeidet på bibelcampen?*

— Eg trur det har «grådig» mykje å seia at borna får sådd Guds ord i hjarta sitt — at dei får verta kjende med Jesus gjennom barnetimane. Det borna får her, vil bety mykje for dei seinare i livet, meiner Marit. På det meste er det vel 200 born fordelt på tre aldersgrupper.

— Opplaget på barnetimane varierer med alderstrinna. Eg har hatt ansvaret for dei minste, fortel Marit. Der syng vi mykje og har andakt. Barnekor har vi og, der alle i gruppa er med. Når det kjem nye ungar, kjem desse fram og seier kvar dei er ifrå, og får ei nål i kartet. Slik vart dei presenterte. Dei eldste brukar Bibelen meir.

— *Dersom du skulle reisa til Lyngdal Bibelcamp på ferie — kvifor ville du velja denne campen?*

— For å treffa vener, og for å kombinera ferie med å gå på møte og høyra Guds ord.

OASE i Stavanger

«Oase 83» ble en fin og god opplevelse for oss som fikk være der. Bevegelsen er kjeny som en fornyelsesvekkelse blant de kristne.

Lederskapet på Oase var også trygge i vissheten om dette. De forventet at Den Hellige Ånd skulle virke mellom oss til det hver i sær av oss trengte. Dette slo også til.

Det kristne fellesskap som kom til uttrykk disse dagene var så bibelsk riktig. Kjærlighet, omsorg og samhörighet førte oss sammen. Sjelesorg, veiledning og forbønn for og med hverandre var den naturlige følge av dette.

Klart og rent ble det fulle og hele evangelium forkynt. Budskapet om synd og bot, omvendelse og nåde. Sterkt understreket ble det som naturlig stiger frem av dette: Tjenesten i Guds rike og utrustning til tjeneste. Her kom sikkert: uten tjeneste, ingen utrustning.

Gud gjestet sitt folk under Oase.

Det skjedde på så mange slags vis. Gjennom profetiske budskap, og tungetale kjente vi Guds kjærlighet og omsorg omslutte oss. Gud anerkjenner oss akkurat slik vi er på grunn av Jesus og han alene.

Inspirerende var det, dag etter dag, både å høre og se denne store forsamling. I lovprising og tilbedelse ga en stor skare på 6-7.000 seg hen i gleden over å få være Guds barn. Vi kjenner jo alle til alt som «dukker oss ned» til stadighet både i oss og rundt oss. Desto mektigere og frydefullt å sammen få synge ut vår glede til vår Gud!

Mange av oss som var på Oase ønsker å få til enkle lovsangkvel-

der utover året. Kanskje som en fortsettelse av husmøtene vi hadde her i vår menighet?

Vi sang så glade i Stavanger: «Villig kommer ditt folk, når du samler din hær».

Oase 83 er over. Nå er vi hjemme hver på vår kant. Måtte vi alle av hjertet si: «Gud, du kan fortsatt regne med meg».

Åse Taule

ISRAELSMISJONEN MED EGEN «BIBELSKOLE» I JERUSALEM

Fra Israel hører vi at stadig fler kommer til tro på Jesus fra Nasaret, og at den kristne menighet på de siste 10-15 år har endret karakter. I dag kan vi se konturene av israelske menigheter der jødekristne selv har ansvar.

I denne situasjonen er det et voksende behov for opplæring, og Den norske Israelsmisjon har sett det som viktig å reise et evangelisk studiesenter — Caspari Senter — i Jerusalem. Lederen, pastor Ole Chr. Kvarme sier at senteret tar sikte på desentralisert undervisning i tillegg til intensive kurs ved senteret.

Til nå er det samlet inn ca. 2 mill. kr. til senteret, og Israelsmisjonen håper å få inn resten på 1 mill. kr., til Caspari Senter utpå sommeren får sine permanente lokaler.

Gaver kan sendes Den norske Israelsmisjon, Chr. Michelsensgt. 8, 5000 Bergen. Postgiro 5 70 04 30.


Ordinasjon i Åsane kyrkje



16. juni vart 4 teologiske kandidatar ordinerte til prestar i Den norske kyrkja. Ordinasjonen var ved biskop Thor With og ellers var det, som biletet viser, ei rekkje prestar som tok del i ordinasjonshandlinga.

Åsane kyrkje var fullsett denne kvelden. Etter ordinasjonsgudstenesta innbaud sokneråda i Åsane, Salhus, Johannes og Ytre Arna dei nye prestane med familiar til samling på Kyrkjekrinsen bedehus. Det var i desse 4 kyrkjelydane ordinandane hadde sine heimstader.

Stein Ove Skadal som vi ser på biletet til venstre er som kjent frå Ytre Arna, og han er no på plass som feltprest på Værnes i Trondheim.



HØYREANLEGG I YTRE ARNA

I sumar har ein konsulent som kommunen har engasjert vore og sett på høyretilhøva i kyrkja. Han fastsette også kva anlegg som skal kjøpast. Med det kunne vi gå vidare med arbeidet og bestilla det som trengst.

Då det er ei viss leveringstid vil det ta ei stund før det er på plass. Men vi reknar med at det no ikkje skal gå så lang tid.

I MIN FORRETNING
finn De gáver til bryllup, konfirmasjon og barnedáp.

Kleivland

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

**Solstrands
Blomsterforretning**
Hollendergt. 4, tlf. 23 20 50

**Solstrand
Begravelsesbyrå**
Herm. Fossgt. 11, tlf. 23 20 50
Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN
Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna

**EPELAND
GARTNERI**

Telefon 24 08 09
Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

**EPELAND
BEGRAVELSESBYRÅ**

Telefon 24 08 08
Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørjes oppsatt.

Banken i Arna frá 1866

SPAREBANKEN
VEST
AVDELING ARNA

— til bygdefolket sitt beste



Aut. bilverksted
Aut. dekkforhandler

**GODE TILBUD
PÅ DEKK OG
REKVISITA!**

**GOD SERVICE —
RIMELIGE PRISER —
HYGGELIG MILJØ!**

*Velkommen til vår
bensinstasjon!*

Arnatveit Auto Senter

J.B. Myklestad
5260 Indre Arna
Tlf. 24 07 40



Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning. Hugs at vi har laveste pris, og det De kjøper her kan De få reparert her.

ARNA ELKJØP AIS

Ytre Arna — telefon 24 11 88
Arnatveit — telefon: 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP

Velkommen til kyrkje



- 11/ 9 **Arna kl. 11.00:** Sokneprest Øy. Konfirmantpresentasjon. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Sundagsskule.
Arna kl. 19.00: Ungdomsgudsteneste v/res.kap. Sundsbø. Konfirmantpresentasjon. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
Ytre Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Konfirmantpresentasjon. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
Unneland kl. 16.30: Sokneprest Øy. Sundagsskulens dag.
Takvam kapell, kl. 16.30: Res.kap. Sundsbø og krinssokr. Mjeldstad. Offer til Misjonssambandet. Misjonsfest i Tunes bedehus etter g.
- 18/ 9 **Arna kl. 11.00:** Stiftskap. Ivar Molde. Nattverd. Offer til Institutt for kristen oppseding. Sundagsskule.
Trengereid kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Offer til Norges kr. Student- og skuleungdomslag.
- 25/ 9 **Arna kl. 11.00:** Sokneprest Øy. Nattverd. Offer til Den indre sjømannsmisjon. Sundagsskule.
Ytre Arna kl. 11.00: Skuleungdomsprest Øyvind Kvarstein. Offer til Norges Kr. student- og skuleungdomslag.
- 2/10 **Arna kl. 11.00:** Pastor Nils Arna Lavik. Familiegudsteneste. Søndagsskulens dag. Offer til Bergen søndagsskulekrins.
Ytre Arna kl. 11.00: Res.kap. Sundsbø. Familiegudstjeneste. Søndagsskulens dag. Offer til Arna søndagsskulelag.
- 9/10 **Arna kl. 11.00:** Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
Ytre Arna kl. 11.00: Sokneprest Øy. 50-årskonfirmantane. mantane.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.
Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Laila Ueland, Ragnhild Rein, Harald Sundsbø.
Forretningsfører: Bjørg Hellesøy.
Bladpengar: kr. 25,-.
Postgiro nr. 3 10 44 45 wllwe bankgiro 8440.21.01856.
Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.
Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.
Torsdag kl. 17.30-19.00.
Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, Peter Jepsensv. 39:
Tlf. 24 23 03.
Kontortid: Tysdag kl. 17.00-18.00.
Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30